HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

# Møteinnkalling

| | |
|---|---|
| **Utval:** | **Fylkesutvalet** |
| **Møtestad:** | , Ekstramøte, Sandven hotell, Norheimsund |
| **Dato:** | 09.06.2015 |
| **Tid:** | 16:30 |

**OBS! Møtestart blir etter at saksbehandlinga til fylkestinget er ferdig 9. juni.**
**Møte hald fram i same lokale som fylkestinget nyttar.**

**Program**

Sakshandsaming

**Nils-Olav Nøss har forfall til møte. Siri Klokkerstuen blir kalla inn som vara.**

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fylkesutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Tom-Christer Nilsen
utvalsleiar

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

## Sakliste

| Utvals-saknr | Innhald | Arkiv-saknr | U.Off. |
|---|---|---|---|
| PS 153/15 | Godkjenning møteinnkalling | | |
| PS 154/15 | Godkjenning møtebok forrige møte | | |
| PS 155/15 | Bompengesøknad for Nordhordlandspakken - ny handsaming | 2014/166 | |
| PS 156/15 | Hordaland teater - flytting til Logen | 2014/23691 | |

PS 153/15 Godkjenning møteinnkalling

PS 154/15 Godkjenning møtebok forrige møte

Arkivnr: 2014/166-28

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Samferdselsutvalet | 71/15 | 03.06.2015 |
| Fylkesutvalet | 155/15 | 09.06.2015 |
| Fylkestinget | 40/15 | 09.06.2015 |

# Bompengesøknad for Nordhordlandspakken – justert opplegg

## Samandrag

Fylkestinget handsama 9.12.2014, sak 90/14, «Bompengesøknad for Nordhordlandspakken» og tilrådde søknaden med ein del endringar og merknader. I vedtaket vart det teke atterhald om tilslutnad i kommunane i Nordhordland. Nordhordlandspakken vart derfor sendt ut på ny høyring til kommunane 16.12.2014[1]. Kommunestyret i Meland sa 18.2.2015 nei til Nordhordlandspakken, slik den låg føre etter vedtaket i fylkestinget. Nordhordlandspakken AS har sidan gjort ein del mindre justeringar og presiseringar i bompengesøknaden[2]. Det justerte bompengeopplegget (sjå vedlegg 1) har no vore på høyring hjå kommunane i Nordhordland og i Bergen kommune. Fylkesrådmannen er nøgd med det er oppslutnad i kommunane i Nordhordland for eit justert opplegg for Nordhordlandspakken.

## Forslag til innstilling

Fylkestinget sluttar seg til det justerte opplegget for Nordhordlandspakken med auka investeringsramme på 200 mill.kr. (fordelt med 115 mill.kr. til bruk i Lindås og 85 mill. kr. til bruk i Meland) og omprioriteringa av prosjekta - slik det er omtala i brev frå Statens vegvesen frå 10.4.2015. Den fylkeskommunale økonomiske ramma i Nordhordlandspakken vert auka frå 230 mill. 2013 kr. til 259 mill. 2013 kr.

## Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 03.06.2015

## Vedtak

[1] Sjå brev frå Statens vegvesen til kommunane frå 16.12.2014: http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfdocument.aspx?journalpostid=2014028487&dokid=37077&versjon=1&variant=A&

[2] Sjå protokoll frå styremøte i Nordhordlandspakken frå 26.3.2015: http://www3.bergen.kommune.no/BKSAK_filer/bksak%5C0%5CVEDLEGG%5C2015010039-5158605.pdf

**Hordaland fylkeskommune**
SAMFERDSELSAVDELINGA
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg
1 Brev frå SVV frå 10042015

**Fylkesrådmannen, 26.05.2015**

**Bakgrunn**
Fylkestinget handsama 9.12.2014, sak 90/14, «Bompengesøknad for Nordhordlandspakken»[3] og tilrådde søknaden med ein del endringar og merknader. I vedtaket vart det teke atterhald om tilslutnad i kommunane i Nordhordland. Nordhordlandspakken vart derfor sendt ut på ny høyring til kommunane 16.12.2014[4]. Kommunestyret i Meland sa 18.2.2015 nei til Nordhordlandspakken, slik den låg føre etter vedtaket i fylkestinget. Nordhordlandspakken AS har sidan gjort ein del mindre justeringar og presiseringar i bompengesøknaden[5]. Det justerte bompengeopplegget (sjå vedlegg 1) har no vore på høyring hjå kommunane i Nordhordland og i Bergen kommune. Kommunane som har handsama det justerte opplegget har slutta seg til det. Fylkesrådmannen legg no justeringane i Nordhordlandspakken fram for fylkespolitisk handsaming. Etter fylkespolitisk handsaming vert søknaden sendt vidare til Statens vegvesen og Vegdirektoratet for vidare handsaming i Samferdselsdepartementet og endeleg vedtak i Stortinget.

**Kort om justeringane av bompengesøknaden**
Etter vedtaket i fylkestinget 9.12.2015 er søknaden justert slik:

- Investeringsramma er auka med kr. 200 mill. basert på inntekter frå ny bomstasjon i Isdal og nedjustert kalkulasjonsrente frå 6,5% til 4,5%.
- Den auka investeringsramma er fordelt med 115 mill.kr. til bruk i Lindås og 85 mill. kr. til bruk i Meland.
- Prosjektet Fv. 564 Fløksand – Vikebø er prioritert opp som nr. 2 av prosjekta i Meland.
- Trafikksikring/undergang Holme (etappe 1 av prosjektet Fv. 564 Sandskaret – Holme) er prioritert opp som nr. 3 av prosjekta i Meland.

Auken på 200 mill. kr. er føresett finansiert med auka bompengeinntekter, lågare rentekostnader på bompengelånet og auka fylkeskommunalt tilskott. Auka bompengar og reduserte rentekostnader på bompengelånet utgjer 146 mill.kr. Auka fylkeskommunal del utgjer 54 mill.kr.

---

[3] Sjå saka: http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalgsbehandling/Details/2773

[4] Sjå brev frå Statens vegvesen til kommunane frå 16.12.2014: http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfdocument.aspx?journalpostid=2014028487&dokid=37077&versjon=1&variant=A&

[5] Sjå protokoll frå styremøte i Nordhordlandspakken frå 26.3.2015: http://www3.bergen.kommune.no/BKSAK_filer/bksak%5C0%5CVEDLEGG%5C2015010039-5158605.pdf

Kostnadsramma er no på 1405 mill.kr. – finansiert med 1046 mill. kr. i bompengar, 55 mill.kr. i statleg tilskott og 284 mill.kr. i fylkeskommunalt tilskott:

| | | *Finansiering* | | |
|---|---|---|---|---|
| | **Kostnadsramme** | **Bompengar** | **Stat** | **Fylkeskommune** |
| **Kostnadsramme i bompengesøknaden frå 3.3.2014** | **1295** | **920** | **145** | **230** |
| **Endringar gjort av fylkestinget 9.12.14**: Mundalsberget tatt ut | -180 | | -90 | |
| + til bruk i Knarvik sentrum | 70 | | | |
| + Planlegging Isdal tunell | 20 | | | |
| **Kostnadsramme etter vedtaket i fylkestinget 9.12.2014** | **1205** | | | |
| **Auke i ramma (frå bomstasjon i Isdal og lågare renter) fordelt slik:** | **200** | | | |
| Ufordelt ramme Lindås | 115 | | | |
| Ufordelt ramme Meland | 85 | | | |
| **Ny kostnadsramme, til høyring i kommuanen våren 2015:** | **1405** | **1066** | **55** | **284** |
| *Endring frå søknaden 3.3, som følgje av fylkestingvedtaket og ny berekning* | *110* | *146* | *-90* | *54* |

Den samla investeringsramma er fordelt slik på investeringsprosjekta:

| | | | | | Kostnad | Finansiering | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | **Vegnr.** | **Kommune** | **Prosjektnavn** | **Tiltak** | **(mill. 2013-kr** | **Bompengar** | **Stat** | **Fylkeskommunen** |
| 1 | Fv.565 | Radøy | Marås - Soltveit | Ny veg | 338 | 247 | | 91 |
| 2 | Fv 57 | Lindås | Knarvik-Isdal prosj. | Prosjektering, grunnerverv | 20 | 20 | | |
| 3 | Fv. 245 | Meland | Fosse-Moldekleiv | Vegutbetring inkl. g/s-veg | 78 | 57 | | 21 |
| 4 | Fv 564 | Meland | Fløksand - Vikebø Tr.sikring Holme | Vegutbetring inkl. g/s veg | 115 | 84 | | 31 |
| 5 | Fv.564 | Meland | Frekhaug-krysset | Punktutbetring, trafikksikring | 15 | 11 | | 4 |
| 6 | E39 | Lindås | Knarvik sentrum | 4-felts veg og ny rundkøyring i aust. | 169 | 169 | - | - |
| 7 | E39/Fv 57 | Alle | Kolllektivtiltak E39/Fv57 | Kollektivtiltak, park&ride | 100 | 70 | 15 | 15 |
| 8 | Fv.565 | Austrheim | Ramme tiltak Austrheim | Vegutbetring/trafikksikring | 10 | 7 | | 3 |
| 9 | Fv. 570 | Masfjorden | Ramme tiltak Masfjorden | Vegutbetring/trafikksikring | 30 | 22 | | 8 |
| 10 | Fv.423 | Fedje | Ramme tiltak Fedje | Vegutbetring/trafikksikring | 2 | 1 | | 1 |
| 11 | Fv.569 | Modalen | Ramme tiltak Modalen | Vegutbetring/trafikksikring | 2 | 1 | | 1 |
| 12 | Fv. 564 | Meland | Trafikksikring Fosse-krysset | Trafikksikring | 10 | 7 | | 3 |
| 13 | Fv. 409 | Radøy | Kollektivtiltak Radøy (skysstasjon Manger) | Kollektivtiltak, tettstadsutvikling | 5 | 4 | | 1 |
| 14 | Fv.57 | Lindås | Vatne-krysset | Trafikksikring | 20 | 15 | | 5 |
| 15 | E39 | Lindås | Molvik-krysset | Trafikksikring | 20 | 20 | | - |
| 16 | Fv.565 | Radøy | Grense Radøy/Lindås - Sæbø skule | Vegutbetring inkl. g/s-veg | 66 | 48 | | 18 |
| 17 | E39 | Lindås | Vikane-Eikangervågen | Vegutbetring inkl. g/s-veg | 100 | 60 | 40 | - |
| 18 | Fv . 564 | Meland | Sandskaret- Holme | Vegutbetring inkl. g/s-veg | 59 | 43 | | 16 |
| 19 | Fv. 565 | Lindås | Hilland - grense Radøy | Vegutbetring inkl. g/s-veg | 46 | 34 | | 12 |
| | | Lindås | Ufordelt ramme Lindås | I hovudsak til eksister. prosjekt | 115 | 84 | | 31 |
| | | Meland | Ufordelt ramme Meland | I hovudsak til eksister. prosjekt | 85 | 62 | | 23 |
| | | | **Sum:** | | **1 405** | **1 066** | **55** | **284** |

## Nærmare om rentejusteringa

Dagens praksis er å leggja til grunn ei berekningsteknisk rente på 6,5% i bompengeprosjekt. Stortinget har gjennom handsaminga av Prop. 97 S (2013 – 2014)[6] slutta seg til ei overgangsordning inntil rentekompensasjonsordninga for bompengelån er etablert. Vilkåret for å nytta lågare berekningsteknisk rente enn 6.5% er at Nordhordlandspakken vert lagt inn i eit av dei nye bompengeselskapa når det vert

[6] Sjå: https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/Prop-97-S-20132014/id759262/?docId=PRP201320140097000DDDEPIS&q=&navchap=1&ch=3

etablert. Regionvegsjefen rår til at den berekningstekniske renta vert sett til 4.5%.
Denne føresetnaden må også leggjast til grunn seinare når fylkestinget fattar sitt garantivedtak.

**Tidlegare fylkespolitisk vedtak**
Fylkestinget handsama 9.12.2014, sak 90/14, «Bompengesøknad for Nordhordlandspakken» - og gjorde slikt vedtak:

*«1. Fylkestinget ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløysing for desse prosjekta.*

*2. Fylkestinget ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Fylkestinget føreset at det vert lagt opp til ei god og framtidsretta løysing for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.*

*3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sørgje for naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv57 Knarvik-Isdal snarast kan vurderast innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken;*
- *vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnelløpa, før det andre vert bygt.*
- *avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.*

*4. Med atterhald om tilslutnad i kommunane i Nordhordland tilrår fylkestinget søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 03.03.2014, samt med dei justeringane som går fram av høyringsbrevet til kommunane frå Statens vegvesen Region vest, av 30.04.2014, med følgjande merknader og endringar:*

*a) Fylkestinget er samd med Lindås kommune i at 90 mill. kr i bompengar kan omdisponerast frå Mundalsbergtunnelen, til bruk i Knarvik sentrum (70 mill. kr) og til planlegging av tunnel mellom Knarvik og Isdalstø (20 mill. kr) på Fv57.*

*b) Fylkestinget går inn for at det vert etablert ein ny bomstasjon i Isdalstø. Dette vil i større grad ivareta nytte- og likskapsprinsipp i det samla bompengeopplegget og bidra til nødvendig styrking av finansieringsopplegget i pakken.*

*c) Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill. kr i pakken hovudsakleg vert nytta til tiltak på vegnettet i Meland kommune (fylkesveg 564 Fløksand-Vikebø), i tillegg til at den kan fungere som ein buffer mot eventuell kostnadsauke og inntektssvikt i pakken.*

*d) Fylkestinget går inn for at det vert lagt opp til to-vegs innkrevjing i bompengesnitta. Fylkestinget legg til grunn et takstnivå i området 12-14 kr.*

*5. Fylkestinget vedtek ei fylkeskommunal økonomisk ramme for Nordhordlandspakken på 230 mill. kr, og vil i dei årlege budsjetta kome attende til konkrete løyvingar på aktuelle prosjekt. Dei fylkeskommunale løyvingane må i første rekke nyttast til å sikre gjennomføring av kollektivtiltaka i pakken.*

*6. Fylkestinget går inn for at det vert etablert eit kontaktutval med representantar frå Regionrådet Nordhordland, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune for styring og koordinering av gjennomføring av Nordhordlandspakken.»*

Fylkesutvalet gav 29.1.2015 slik uttale:

*«Fylkesutvalet viser til fylkestingets vedtak i sak 90/2014 om Nordhordlandspakken, pkt.4c: «Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill. kr. i pakken hovudsakleg vert nytta til tiltak på vegnettet i Meland kommune (fylkesveg 564 Fløksand-Vikebø), i tillegg til at den kan fungere som ein buffer mot eventuell kostnadsauke og inntektssvikt i pakken».*

*Fylkesutvalet er kjend med at ordlyden i vedtaket har skapt ein del usikkerhet i Nordhordlandsregionen omkring viljen og evna til å gjennomføre utbetringstiltak på fylkesveg 564 Fløksand -Vikebø, der det vert vist til siste delen av vedtaket om buffer mot eventuell kostnadsauke.*

*Fylkesutvalet vil presisere at med fylkestingets vedtak av 10.12.2014 i sak 90/2014 så inngår fv.564 Fløksand-Vikebø (med ei investeringsramme på opp mot 100 mill. kr.) som eitt av dei 19 prosjekta i Nordhordlandspakken. Alle prosjekta i Nordhordlandspakken skal gjennomførast. Risikoen for at eitt eller fleire prosjekt i pakken eventuelt ikkje kan gjennomførast, vil vere knytt til om Nordhordlandspakken på sikt skulle få problem med finansieringsevne/nedbetalingsplan i forhold til føresetnadene i stortingsproposisjonen. Med ei avgrensa innkrevingsperiode på 12 år, føresett lånerente (6,5%) og ekstra inntekter frå bomstasjon i Isdal (som til no ikkje er rekna inn i finansieringsplanen) er det etablert eit godt utgangspunkt for berekraftig økonomi i Nordhordlandspakken. Konklusjon: Fylkesutvalet legg til grunn - og vil arbeide for at prosjektet fv.564 Fløksand-Vikebø vert realisert som del av Nordhordlandspakken.»*

**Nye lokalpolitiske vedtak**
Med grunnlag i det justerte opplegget for Nordhordlandspakken (sjå vedlegg 1) har kommunane gjeve slike uttalar:

Meland
Meland kommunestyre handsama 22.4.2015, sak 29/205, «Justeringar i Nordhordlandspakken – høyring» - og gjorde slikt vedtak:

*«Meland kommune viser til skriv frå Statens vegvesen av 10.04.2015 , Justeringar i Nordhordlandspakken - høyring. Meland kommune sluttar seg til den justerte Nordhordlandspakken».*

Vedtaket er sendt over til fylkesmannen for lovlegkontroll. Per i dag veit ein ikkje kva utfallet av lovlegkontollen vert.

Radøy
Radøy kommunestyre handsama 28.4.2015. sak 22/15, «Nordhordlandspakken - justeringar – høyring» - og gjorde slikt vedtak:

*«Radøy kommune sluttar seg til den justerte Nordhordlandspakken.»*

Masfjorden
Masfjorden kommunestyre handsama 19.5.2015, sak 39/2015, «Nordhordlandspakken – justeringar – ny høyring» - og gjorde slikt vedtak:

*«Masfjorden kommune sluttar seg til den justerte Nordhordlandspakken.»*

Modalen
Formannskapet i Modalen handsama 19.5.2015, sak 038/2015, «Uttale frå Modalen kommune - justeringar i Nordhordlandspakka» - og gjorde slikt vedtak:

*«Modalen kommune stadfestar si tilslutning til at det vert søkt om bompengefinansiering av Nordhordlandspakka i samsvar med dei justeringar som framgår av brev datert 10.04.2015 frå Statens vegvesen»*

Austrheim
Austrheim kommunestyre handsama 20.5.2015, sak 049/15, «Nordhordlandspakken etter korreksjon av fordelte midlar» - og gjorde slikt vedtak:

*«Austrheim kommunestyre viser til brev frå Statens vegvesen datert 10.04.2015, justeringar i Nordhordlandspakken – høyring, og sluttar seg til dei endringane som er gjort i den justerte Nordhordlandspakken»*

Lindås

Lindås kommunestyre handsama 21.5.2015, sak 36/15, «Høyring – justeringar i Nordhordlandspakken» - og gjorde slikt vedtak:

*«Lindås kommune sluttar seg til justeringane i Nordhordlandspakken, slik dei er skissert i høyringsbrev frå Statens Vegvesen datert 10.04.15.»*

Bergen
Bystyret i Bergen handsamar byrådet sitt framlegg til uttale i møte 28.5.2015, sak 116/2015. Komite for miljø og byutvikling innstilte 19.5.2015 i samsvar med «Forslag til uttale» i saksframlegget[7]. I «Forslag til uttale» står det mellom anna:

*«Bergen kommune gir sin tilslutning til de endringer av inntekstgrunnlaget med 200 mill. kroner basert på inntekter fra bomstasjon ved Isdalstø og justert kalkulasjonsrente, fordeling av de økte investeringsmidler mellom Lindås og Meland og prioritering av tiltak, som er lagt fram av Statens vegvesen i brev av 10.4.2015.»*

Fedje
Fedje kommune handsamar saka i formannskapet 4.juni og i kommunestyret 18.juni.

**Fylkesrådmannen sine merknader**
Fylkesrådmannen er nøgd med det no er oppslutnad i kommunane i Nordhordland for eit justert opplegg for Nordhordlandspakken. Ny bom i Isdal og nedjustert berekningsrente styrkjer økonomien i bompengepakken. Fylkesrådmannen tilrår det justerte opplegget for Nordhordlandspakken med auka investeringsramme på 200 mill.kr. (fordelt med 115 mill.kr. til bruk i Lindås og 85 mill. kr. til bruk i Meland) og omprioriteringa av prosjekta, slik det er omtala i brev frå Statens vegvesen frå 10.4.2015.

Som ein del av den auka finansieringsramma er det lagt opp til at den fylkeskommunale andelen av fylkesveginvesteringa på 27% vert vidareført med auke i den fylkeskommunale økonomiske ramma frå 230 mill. 2013 kr. til 284 mill. 2013. kr. Denne auken omfattar både tilbakeføring av momskompensasjon samt ordinær fylkeskommunal løyving. I saksgrunnlaget til det justerte bompengeopplegget er det likevel omtalt at dersom fylkeskommunen ikkje vidarefører sin del av pakken (andel 27%), må den økonomiske ramma reduserast noko.

Fylkesrådmannen vil i det justerte opplegget for Nordhordlandspakken foreslå at den auka fylkeskommunale andelen berre skal omfatta tilbakeføring av momskompensasjonen. Dette utgjer omlag 29 mill.kr. Den fylkeskommunale andelen vert med dette auka frå 230 mill. kr. til 259 mill.kr. Denne reduksjonen i fylkeskommunal løyving frå 284 mill.kr. til 259 mill.kr. må innarbeidast i samband med den vidare handsaminga og gjennomføringa av pakken.

[7] Sjå saksframlegget: http://www3.bergen.kommune.no/BKSAK_filer/bksak/2015/BEBY/2015010039-4955379.pdf

17-April-2015

Statens vegvesen

LINDÅS KOMMUNE
Klassering
16. 04. 2015
Ark. saksnr. 14/4158
Lø.nr
Sakh.
Tilgangskode

Sjå oversikt sikst i brevet

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Helge Oddvin Sandvik - 55516508 | 2010/084155-045 | | 10.04.2015 |

# Justeringar i Nordhordlandspakken - høyring

**Innleiing - samandrag**

Etter at det ikkje vart tilslutnad frå Meland kommune til fylkestingets framlegg til endra Nordhordlandspakken i den lokale handsaminga i februar 2015, er det utarbeidd framlegg til nokre mindre nye justeringar av pakken. Dette er justeringar som kjem i tillegg til den versjonen av Nordhordlandspakken som kommunane behandla i januar/februar 2015. Framlegget inneheld følgjande justeringar i høve til fylkestingets framlegg:

- ✓ Auke i investeringsramme med 200 mill.kr. basert på inntekter frå bomstasjon Isdal og justert kalkulasjonsrente.
- ✓ Fordeling av dei nye investeringsmidlane med 115 mill.kr. til Lindås og 85 mill.kr. til Meland.
- ✓ Prioritering av prosjekt fv. 564 Fløksand – Vikebø opp som nr. 2 av prosjekta i Meland.
- ✓ Prioritering av trafikksikring/undergang Holme (etappe 1 av prosjekt Fv. 564 Sandskaret –Holme) opp som nr. 3 av prosjekta i Meland.

Alle andre føresetnader for pakken er uendra.

Framlegget føreset at den fylkeskommunale andelen av pakken på 27 % blir vidareført.

Basert på denne skissa til justert pakke vedtok Meland kommunestyre i møte 25 mars 2015 i sak 17/2015 å ta opp saka Nordhordlandspakken til ny behandling. Med utgangspunkt i dette vedtaket har styret i Nordhordlandspakken AS søkt Statens vegvesen Region vest om at det blir gjennomført lokalpolitisk behandling av dei justeringar som er foreslått. Jf. styrevedtak av 26.3.2015. Statens vegvesen vil tilrå justeringane det er søkt om og vil be kommunane som er med i Nordhordlandspakken om uttale.

**Bakgrunn**

Bompengesøknaden for Nordhordlandspakken datert 30.03.2014 blei sendt til lokalpolitisk behandling til kommunane Lindås, Meland, Austrheim, Fedje, Modalen, Masfjorden, Radøy og Bergen våren 2014, jf. brev frå Statens vegvesen av 30.04.2014. Fylkestinget behandla

| Postadresse | Telefon: 02030 | Kontoradresse | Fakturaadresse |
|---|---|---|---|
| Statens vegvesen | Telefaks: 57 65 59 86 | Spelhaugen 12 | Statens vegvesen |
| Region vest | firmapost-vest@vegvesen.no | 5147 FYLLINGSDALEN | Landsdekkende regnskap |
| Askedalen 4 | | | |
| 6863 Leikanger | Org.nr: 971032081 | | 9815 Vadsø |
| | | | Telefon: |
| | | | Telefaks: |

søknaden i møte 9/10.12 2014 i sak 90/2014. I den lokalpolitiske behandlinga blei det gjort vedtok om ulike føresetnader og endringsframlegg. Fylkestinget tilrådde søknaden med fleire merknader og endringar med atterhald om tilslutnad i kommunane i Nordhordland.

I brev av 16.12.2014 frå Statens vegvesen Region vest blei dei berørte kommunane bedt om å gje uttale til fylkestingets vedtak. Det ligg føre vedtak i sju av åtte kommunar. Seks kommunar har sagt ja til dei merknader og endringar som fylkestinget vedtok. Bergen kommune vil behandle søknaden i nær framtid. Meland kommune behandla søknaden i møte i kommunestyret 18 februar 2015 i sak 8/15 og tilrådde ikkje endringsframlegget frå fylkestinget.

**Ny behandling av Nordhordlandspakken**
Etter at Meland kommunane sa nei, er det gjort ulike vurderingar om vegen vidare for Nordhordlandspakken. I grove trekk er tre alternativ vurderte. Justere Nordhordlandspakken, etablere ein Nordhordlandspakke utan Meland kommune eller å avvikle Nordhordlandspakken AS, som i praksis ville inneber at pakken blei utsett på ubestemt tid, eller at den ikkje blir realisert.

På styremøte i Nordhordlandspakken AS 5. mars 2015 der fylkesordførar og dei fleste ordførarane i regionen deltok, uttrykte ordførarane i Nordhordland eit sterkt ønskje om å gå vidare med ein bompengepakke der alle kommunane var med, også Meland. Det blei vurdert slik at dette kunne ein best oppnå ved å legge fram nokre mindre justeringar av Nordhordlandspakken.

**Mindre justeringar av pakken**
Det er mogleg å justere pakken, dels som ein følgje av fylkestingets vedtak om å tilrå ein ny bomstasjon i Isdal, og ved å justere den berekningstekniske renta som er lagt til grunn for finansiering av pakken.

**Ny bomstasjon i Isdal**
I dei merknader og endringar som fylkestinget vedtok blei det tilrådd ein ny bomstasjon i Isdal. Det er forventa at ein ny bomstasjon vil gjere det mogleg å auke investeringsramma i pakken med om lag 120 mill. kroner.

**Reduksjon i den berekningstekniske rente frå 6,5 % til 4,5 %**
I bompengeproposisjonar er dagens praksis å legge til grunn ein berekningsteknisk rente på 6,5 %. Gjennom behandlingen av Prop. 97 S (2013-2014) har Stortinget slutta seg til ei overgangsordning inntil ein rentekompensasjonsordning for bompengelån er etablert. Formålet med ordninga er at lokale styresmakter sjølv skal få større fridom til å sette takstane i bompengeprosjekt ut frå venta rente i marknaden og sjølv vurdere påslag for risiko som fylkeskommunen / kommunane ser som forsvarleg for å for å gje garanti for bompengelånet. Vilkåret for å kunne nytte lågare berekningteknisk rente enn 6,5 % er at Nordhordlandspakken blir lagt inn i eit av dei nye bompengeselskapa når det blir etablert. Denne ordninga gjeld også for prosjekt som ikkje er lagt fram for Stortinget. Nordhordlandspakken er ein bompengepakke der omfanget av utbygginga må tilpassast den økonomiske ramma til pakken. All kostnadsauke må følgjeleg løysast innafor den økonomiske ramma til pakken. Pakken inneheld mange mindre prosjekt, noko som gjer det enklare å tilpasse omfanget av utbygginga innanfor den økonomiske ramma til pakken enn om den bestod av nokre få større prosjekt. Regionvegsjefen vil rå til at den

berekningstekniske renta vert sett til 4,5 pst. Denne føresetnaden må leggast til grunn når fylkestinget fattar sitt garantivedtak.

Justering av berekningsteknisk rente vil medverke til å auke investeringane i pakken med om lag 80 mill. kroner. I sum utgjer ny bomstasjon i Isdal og endring i berekningsteknisk rente ein mogleg auke i investeringane i pakken på om lag 200 mill. kroner.

Auken i investeringsramma på om lag 200 mill. kroner føreset at fylkeskommunen vidarefører sin andel på 27 % i pakken. Denne vidareføringa vil utgjere omlag 54 mill. kroner og er samansett av summen av meirverdiavgift, som fylkeskommunen får refundert, og ordinære løyvingar. Denne modellen blei lagt til grunn ved etablering av pakken. Dersom fylkeskommunen ikkje vidarefører sin andelen av pakken, må den økonomiske ramma reduserast noko.

**Fordeling av midlar mellom kommunane Lindås og Meland**
Auken i inntektene frå ny bomstasjon i Isdal blir fordelt til kommunane Lindås og Meland, ut frå nytte prinsippet. I sum vil Lindås få tildelt 115 mill. kroner og Meland 85 mill. kroner. Midlane vil i hovudsak gå til å styrkje finansieringa av eksisterande prosjekt i Lindås og Meland.

**Endring av prioritering i Meland**
I Meland vil justeringane endre prioritering av prosjekt. Fv 564 Fløksand-Vikebø får prioritet nr. 2 av prosjekta i Meland, etter Fv 245 Fosse-Moldekleiv.
Fv 564 Sandskaret – Holme blir delt opp i to etappar, der trafikksikring/undergang Holme inngår i prosjektet Fløksand – Vikebø.

Tabellen under viser prosjekta i Nordhordlandspakken i prioritert rekkefølgje etter justering.

**PROSJEKTOVERSIKT NORDHORDLANDSPAKKEN. Endringane frå fylkestingets framlegg av des. 2014**

| | | | | | Kostnad | Auka midlar | Rev. kostnad | Finansiering (mill. 2013-kr.) | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Prioritet | Vegnr. | Kommune | Prosjektnavn | Tiltak | (mill. 2013-kr) | (mill. 2013-kr) | (mill. 2013-kr) | Bompengar | Stat | Fylket (27%) |
| 1 | Fv.565 | Radøy | Marås - Solveit | Ny veg | 338 | | 338 | 247 | | 91 |
| 2 | Fv.57 | Lindås | Knarvik-Isdal, prosj | Prosjektering, grunnerverv | 20 | | 20 | 20 | | |
| 3 | Fv. 245 | Meland | Fosse-Moldekleiv | Vegutbetring inkl. g/s-veg | 78 | | 78 | 57 | | 21 |
| 4 | Fv. 564 | Meland | Fløksand - Vikebø inklusiv trafikksikring/undergang Holme | Vegutbetring inkl. g/s-veg / punktutbetring og trafikksikring | 115 | | 115 | 84 | | 31 |
| 5 | Fv.564 | Meland | Frekhaug-krysset, inkl. utbedring Fv. 244 | Punktutbetring, trafikksikring | 15 | | 15 | 11 | | 4 |
| 6 | E39 | Lindås | Knarvik sentrum | 4-felts veg og ny rundkøyring i aust mv. | 169 | | 169 | 169 | | |
| 7 | E39/Fv.57 | Alle | Kollektivtiltak E39/Fv.57 (Bergen, Meland, Lindås)* | Kollektivtiltak, park&ride | 100 | | 100 | 70 | 15 | 15 |
| 8 | FV565 | Austrheim | Ramme tiltak Austrheim | Vegutbetring/trafikksikring | 10 | | 10 | 7 | | 3 |
| 9 | Fv. 570 | Masfjorden | Ramme tiltak Masfjorden | Vegutbetring/trafikksikring | 30 | | 30 | 22 | | 8 |
| 10 | Fv.423 | Fedje | Ramme tiltak Fedje | Vegutbetring/trafikksikring | 2 | | 2 | 1 | | 1 |
| 11 | Fv.569 | Modalen | Ramme tiltak Modalen | Vegutbetring/trafikksikring | 2 | | 2 | 1 | | 1 |
| 12 | Fv. 565 | Meland | Trafikksikring Fosse-krysset | Trafikksikring | 10 | | 10 | 7 | | 3 |
| 13 | Fv. 409 | Radøy | Kollektivtiltak Radøy (skysstasjon Manger) | Kollektivtiltak, tettstadsutvikling | 5 | | 5 | 4 | | 1 |
| 14 | Fv.57 | Lindås | Vatne-krysset | Trafikksikring | 20 | | 20 | 15 | | 5 |
| 15 | E39 | Lindås | Molvik-krysset | Trafikksikring | 20 | | 20 | 20 | | - |
| 16 | Fv.565 | Radøy | Grense Radøy/Lindås - Sæbø skule | Vegutbetring inkl. g/s-veg | 66 | | 66 | 48 | | 18 |
| 17 | E39 | Lindås | Vikane-Eikangervågen | Vegutbetring inkl. g/s-veg | 100 | | 100 | 60 | 40 | - |
| 18 | Fv . 564 | Meland | Sandskaret- Holme | Vegutbetring inkl. g/s-veg | 59 | | 59 | 43 | | 16 |
| 19 | Fv. 565 | Lindås | Hilland - grense Radøy | Vegutbetring inkl. g/s-veg | 46 | | 46 | 34 | | 12 |
| | | Lindås | Ufordelt ramma Lindås | I hovudsak til eksisterande prosjekt | | 115 | 115 | 84 | | 31 |
| | | Meland | Ufordelt ramme Meland | I hovudsak til eksisterande prosjekt | | 85 | 85 | 62 | | 23 |
| | | | SUM Nordhordlandspakken, ekskl. Nyborgtunnel | | 1 205 | 200 | 1 405 | 1 066 | 55 | 284 |

**Fordeleling av nye midlar**

Detaljar om fordeling av dei nye midlane på prosjekt vert avklart gjennom Kontaktutvalet, i dialog med kommunane etter kvart som reguleringsplanar og reviderte kostnadstal ligg føre.

**Regionvegsjefens tilråding**
Fylkestingets vedtak av desember 2014 bidrar
til større samsvar mellom nytte og betaling ved etablering av ein ny bomstasjon på fv 57 i Isdal. Fylkestinget vedtok også mindre endringar i pakken. Vedtaket blei fatta med atterhald om tilslutnad i kommunane i Nordhordland. Alle kommunane som har behandla pakken etter fylkestingets vedtak, med unnatak av Meland, har tilrådd Nordhordlandspakken.

Mange vegar i Nordhordland er av dårleg kvalitet. Det gjeld også for vegane i Meland. Det er derfor ønskeleg at alle kommunane i Nordhordland, medrekna Meland, kan ta del i Nordhordlandspakken. Justering av pakken vil innebere at det kan gjennomførast investeringar i storleik 200 mill. 2013 kroner utover opphavleg ramme.

Justeringa får som konsekvens at investeringsramma for pakken aukar frå 1 205 mill. 2013 kroner til 1 405 mill. 2013 kroner. Regionvegsjefen tilrår den fordeling av den auka investeringsramma som er foreslått mellom kommunane Lindås og Meland. Regionvegsjefen vil tilrå ei berekniskteknisk rente på 4,5 %.

Regionvegsjefen vil rå kommunane som skal gje uttale til å slutta seg til dei justeringar som er foreslått.

**Saksgang**
Framlegget til justeringar i Nordhordlandspakken som her er skildra går med dette ut på høyring til kommunane: Lindås, Meland, Austrheim, Fedje, Modalen, Masfjorden, Radøy og Bergen. Etter at kommunane har uttalt seg, vil justert bompengesøknad bli sendt til fylkeskommunal behandling. Det vert lagt opp til endeleg handsaming av Nordhordlandspakken i fylkestinget i juni 2015. For å nå fylkestingets behandling er siste frist for kommunal handsaming av dette endringsframlegget sett til 21. mai 2015.

Førespurnaden om uttale er sendt til følgjande kommunar:
Lindås
Meland
Austrheim
Fedje
Modalen
Masfjorden
Radøy
Bergen

Statens vegvesen Region vest
Med helsing

Helge Eidsnes
Regionvegsjef

Tone M Oppedal

Tone Margrethe Oppedal

1 vedlegg

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Arkivnr: 2014/23691-4

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland, Ronny Skaar

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Kultur- og ressursutvalet | 93/15 | 02.06.2015 |
| Fylkesutvalet | 156/15 | 09.06.2015 |
| Fylkestinget | 52/15 | 09.06.2015 |

# Hordaland teater - flytting til Logen

**Samandrag**
Hordaland teater har gjennom fleire år jobba målretta for å etablere seg i Bergen sentrum. Teateret er no i sluttfasen med å forhandle fram ein langtids leigeavtale med Selskabet Den Gode Hensigt om leige av Logen. Hordaland teater ser Logen som ei svært attraktiv lokalisering. Teateret har gått noko ned på plassbehovet, men treng likevel eit tilstøytande bygg på baksida av det opphavelege bygget i tillegg til det utleigbare arealet i Logen.

Hordaland Teater fekk i 2013 ei ekstraordinær løyving for å engasjere ekstern kompetanse til utabeiding av intensjonsavtalar og gjennomføring av prosjekteringsarbeid. Arkitektfirmaet Cubus har vore engasjert til å utarbeide ei (avgrensa) mulighetstudie for bruken av Logen. Norconsult har utarbeidd eit kostnadsoverslag for Logen, basert på Cubus si studie. Dette ligg ved saka.

Auka driftsutgifter vil føre til at Hordaland Teater treng auke i sitt driftstilskot, og dei ønskjer i tillegg fylkeskommunal lånegaranti.

I regional kulturplan PREMISS:KULTUR er Hordaland Teater ein viktig reiskap for å iverksetje den nynorske kulturstrategien.

**Forslag til innstilling/vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune er tilfreds med at Hordaland Teater no har funne ei formålstenleg løysing for å flytte si verksemd til Bergen sentrum.
2. Ein ber fylkesrådmannen om å kome attende til driftstilskot i samband med budsjettarbeidet.
3. Fylkestinget ber om at høva for ein fylkeskommunal lånegaranti til prosjektet vert utgreia.
4. Hordaland fylkeskommune må følgje opp staten i høve til auka finansiering av Hordaland Teater knytt til ny lokalisering.

**Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 02.06.2015**

Kristian Helland (Krf) gjekk frå som ugild då han er styrerepresentant i Hordaland Teater jfr. forvaltningsloven § 6 bokstav e.

**Hordaland fylkeskommune**
KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

Det var 12 representantar til stades.

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## *Innstilling*

1. Hordaland fylkeskommune er tilfreds med at Hordaland Teater no har funne ei formålstenleg løysing for å flytte si verksemd til Bergen sentrum.
2. Ein ber fylkesrådmannen om å kome attende til driftstilskot i samband med budsjettarbeidet.
3. Fylkestinget ber om at høva for ein fylkeskommunal lånegaranti til prosjektet vert utgreia.
4. Hordaland fylkeskommune må følgje opp staten i høve til auka finansiering av Hordaland Teater knytt til ny lokalisering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 20.05.2015**
I regional kulturplan PREMISS:KULTUR er Hordaland teater ein viktig aktør for å utvikle den nynorske kulturstrategien. Tiltak 6.C i handlingsprogrammet gjeld å styrke Hordaland Teater som kunstinstitusjon og nynorskarena. Elles ligg følgjande omtale i kap. 5.2.6 i planen: *Eit viktig tiltak er å utvikle markante nynorskarenaer i Bergen. Hordaland Teater nyttar nynorsk og dialektar som scenespråk, og er ein pådrivar i utvikling av ny dramatikk på nynorsk. Satsing på dette teateret både som kunstinstitusjon og nynorsk debattarena, står sentralt i planperioden. Teateret bør verte ein sterkare og meir markant kunstinstitusjon, som eit turnerande teater i Hordaland med fast scene i Bergen.*

Hordaland teater har gjennom fleire år jobba målretta for å etablere seg i Bergen sentrum. Det er no i sluttfasen for forhandlingane med å få langtids leigeavtale med Selskabet Den Gode Hensigt om leige av Logen.

Hordaland teater ser Logen som ei svært attraktiv lokalisering. Det vart også gjort sonderingar knytt til eit par andre lokaliteter som alternativ i prosessen fram mot dette. Teateret har gått noko ned på plassbehovet, men treng likevel eit tilstøytande bygg på baksida av det opprinnelege bygget i tillegg til det utleigbare arealet i Logen.

Dette vil føre til at teateret treng auke i sitt driftstilskot, og dei ønskjer i tillegg ein fylkeskommunal lånegaranti.

Hordaland Teater fekk i 2013 ei ekstra løyving på 500 000 kroner til ekstern kompetanse for å utgreie potensialet i Logen og å jobbe med avtaler ol. Dette ligg no føre.

Lokalet vart oppført for og vert fortsett eigd av Selskabet Den Gode Hensigt. Sidan januar 2000 har det vore drevet som eit ikkje-kommersielt aksjeselskap med namnet Logen Teater AS, der eventuelt overskot nyttast til sjølve drifta av huset. Logen Teater AS har opsjon på vidare leige til juni 2018, og det er forhandlingar mellom Hordaland Teater og Hordaland teater ang dette.

**Omtale av prosjektet / historikk**

Barn og unge har vore hovudmålgruppa for teateret si verksemd. Bakgrunnen for at Hordaland Teater AS vart skipa, var å gje barn og unge tilbod om profesjonell scenekunst i Hordaland, som eit turnerande teater.

Hordaland Teater er eit lutlag / aksjeselskap, der Hordaland fylkeskommune eig 60 % av aksjane. Resten er fordelt mellom Vestlandske Teatersenter, Hordaland Mållag, Vaksenopplæringsforbundet, Hordaland Ungdomslag og Hordaland Folkeakademi. Eigarskapet fordeler seg slik:

- Hordaland Fylkeskommune 240 luter
- Vestlandske Teatersenter 80 luter
- Folkeakademiet Hordaland 20 luter
- Hordaland Ungdomslag 20 luter
- Hordaland Mållag 20 luter
- Voksenopplæringsforbundet 20 luter

Produksjonslokala (verkstad/prøvescene) og administrasjonslokala til Hordaland Teater har sidan starten vore på Stend, i lokala til Hordamuseet og på Stend Hovedgård. Teateret meiner at lokala på Stend ikkje lenger tilfredsstiller dei behova eit moderne teater har. Slik plasseringa er no, med produksjons- og administrasjonslokale på to ulike stader, opplevast verksemda tungvint og urasjonell. I tillegg har teateret eit lagerlokale i Indre Arna. Prøve- og spelelokalet er ikkje stort nok, samanlikna med dei scenane teateret møter når det er på turné.

Hordaland Teater har jobba gjennom fleire år med å finne egna lokalisering i Bergen sentrum. Dette har vore essensielt for vidare utvikling av teateret. Teateret har gjort fleire ulike utgreiingar kring dette, og det har vore fleire fylkeskommunale vedtak og ekstraløyvingar knytt til ny lokalisering av teateret. Det har heile tida vore lagt til grunn at om teateret flytter til sentrum, får ein auka nytteverdi av driftsmidlar og kapasitet. Ein ser for seg publikumsauke, då ein fast spelestad i sentrum kjem til å synleggjere og profilere teateret på eit betre vis enn no.

Hordaland Teater vedtok i sin plan av 15.desember 2011, at dei ønskjer å flytte heile si verksemd frå Stend til Bergen sentrum, og det vart også utarbeidd eit notat frå Hordaland Teater – «Ny base for Hordaland teater i Bergen sentrum». I dette notatet vart det kort gjort greie for teateret si historie fram til i dag, dei ulike ulempene ved den noverande plasseringa, og korleis ei flytting av teateret òg er i tråd med dei moglegheitene teateret kan få i framtida. Då Hordaland fylkeskommune er største eigar i teateret, bad Hordaland Teater om at fylkeskommunen slutta seg til deira planar i form av politisk vedtak. Dette vart lagt fram i sak 77/12 i Kultur- og ressursutvalet 21.08.2012 og i sak 192/12 i Fylkesutvalet 28.08 2012.

Fylkesrådmannen gjorde i saka merksam på at Hordaland Teater er eit sjølvstendig aksjeselskap og at det er dette selskapet som må stå ansvarleg for evt. flytting til sentrum. Hordaland fylkeskommune, som største aksjeeigar, kan stille seg positiv til desse planane på prinsipielt grunnlag, noko som vart tilrådd i vedtak. Det vart ført til to tilleggspunkt i Kultur- og ressursutvalet si innstilling som vart vedteke i Fylkesutvalet august 2012:
*1. Fylkesutvalet støttar at Hordaland Teater arbeider for å flytte si verksemd til Bergen sentrum, eventuelt i samarbeid med andre aktørar.(Fylkesrådmannen si innstilling)*
*2. Hordaland fylkeskommune skal bidra aktivt i prosessen med å utgreie spørsmålet om ei eventuell flytting av Hordaland teater, herunder bistå i arbeidet med å finne ei alternativ lokalisering av teateret, både på kort og lang sikt.*
*3. Kultur- og ressursutvalet føreset at dei nye planane ikkje vil ha konsekvensar i forhold til vedtektene og føremålsparagraf for teateret, og vil eventuelt. handsame dette i eiga sak seinare. Ein ser det som viktig at teateret held fram med å ha fokus på å vere eit turnéteater og på produksjonar for barn og unge.*

Hordaland Teater har også visjonar om å verte ein det av eit evt. nynorsk kulturforum i Bergen. Det vart tilrådd 200 000 kr i støtte gjennom Kulturelt utviklingsprogram 2012 til utgreiing av flytting av Hordaland Teater til Bergen sentrum, evt. som ein del av eit nynorsk kulturforum. Kultur Vest sto her som prosjektansvarleg. Det har vore fleire interesserte samarbeidspartar, og ein har sett på ulike lokaliseringsalternativ, m.a. Tanks skole. Det er ikkje gått konkret vidare med samarbeidspartnarar utanfor teatermiljøet no i denne siste fasen. Det er no eit meir etablert og tettare samarbeid mellom Sogn og Fjordane teater, Det Norske Teater og Hordaland teater. Det vert satsa i endå høgare grad på dramatikk på vestlandsdialekt og nynorsk. Det er også planlagt å ha minst eit Jon Fosse- stykke på plakaten kvart år.

Då det kom opp høve for å kunne leige lokale i Logen vart det trong for ekstra mildar for å greie ut om dette lokalet kunne vere høveleg for verksemda, og kva tilpassingar som var naudsynte. Det vart i sak i Fylkesutvalet 31.10.2013 løyvd midlar med følgjande vedtak. «*Kultur- og ressursutvalet / Fylkesutvalet ser positivt på prosessen som er starta og Hordaland teater får ei ekstraløyving på kr 500.000 til forprosjekt. Dette skal dekke innleigd, ekstern, rett kompetanse til både å få på plass intensjonsavtaler og til gjennomføring av det prosjekteringsarbeidet som må gjerast før ein ev kan signere endelege driftsavtalar.*»

**Avtaleprosessen**
